



## MØTEPROTOKOLL

## A

**Utval:** Ulstein kontrollutval  
**Møtestad:** Ulstein rådhus, møterom Skeide  
**Dato:** 11.03.2020  
**Tid:** 13.00 – 14.30

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Berit Lyngstad	Medlem
Gerd Bang Brevik	Medlem
Knut Kleiven	Medlem

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

Asbjørn Gausdal	Nestleiar
-----------------	-----------

### Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
Susanne Løset	Asbjørn Gausdal

### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll

### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
------	----------

### Frå administrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
------	----------

## **SAKLISTE**

- SAK 09/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT  
MØTEPROTOKOLL
- SAK 10/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 11/20 MELDINGAR
- SAK 12/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 13/20 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019  
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 14/20 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 15/20 YMSE

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/20	033	02.03.2020	11.03.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Leiaren kjem med to «saker» under Ymse.
  - a. Gravplassen.
  - b. Tomteval for barnehage.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Gerd Bang Brevik.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/20	049	02.03.2020	11.03.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 06.02.2020.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 06.02.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/20	033&17	02.03.2020	11.03.2020	KS/JS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.
2. Kontrollutvalet tek opp oppfølging av selskapskontrollen av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS når rekneskapen for 2019 ligg føre.

### Vedlegg

Dokument. Selskapskontroll – Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS. Datert 20.12.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/20	033&58	02.03.2020	11.03.2020	KS

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/ulstein/dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet:

Fellesrådet: **28.01**

Formannskapet: **04.02**

Formannskap som klageorgan:

Klagenemnd eigedomskatt:

Kommunestyret: **13.02**

Levekårsutvalet: **29.01**

Nammenemnda:

Skattetakstnemnda: **10.02 13.02**

Styret i UEKF: **27.01**

Teknisk utval: **30.01 27.02**

Ungdområdet:

Valstyret:

Valutval: **03.02**

Viltnemnda

SSR IKS – styret

Sendt til leiar

SSR IKS – representantskapet

Sendt til leiar

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
<b>13/20</b>	232	19.02.2020	11.03.2020	JS

## **KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**

### **Samrøystes vedtak/uttale**

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019.

### **Vedlegg**

- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten, av 17.02.2020.
- Årsrapport 2018 Skatteoppkrevjaren, av 23.01.2020.
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019, av 23.01.2020.

### **Saksopplysningar**

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og framlegging av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang 3,7% (2,8% i 2018, 2,5% i 2017 og 2,3 % i 2016), medan kravet var 5%. Kontrollane er utførde av den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Innkrevjinga:

- Skatteoppkrevjar vurderer resultatata som svært godt gode i årsrapporten. Alle krav er oppfylgt. Skatteinngangen:
- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2019 var kr. 275.729.509. I 2018 var den kr. 262.419.850. Dvs. ein auke på kr. 13.309.659, dvs. 5,1%.

Avslutning:

Dette er siste året kommunestyret og kontrollutvalet mottok kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Dette fordi Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/20	033	04.03.2020	11.03.2020	JS og KS

## ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

### Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2020 til vitende.

### Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

### Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2020.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/20	033	11.03.2020	11.03.2020	Kontrollutvalet

## YMSE

I sak 34/19 **OSNES GRAVPLASS – SAK FOR KONTROLLUTVAL?** gjorde Kontrollutvalet fylgjande samrøystes:

«1. Kontrollutvalet viser til at Fylkesmannen har sendt plansaka over til Departementet med oppmoding om å ta Fylkeskommunen si motsegn til følgje.

2. Utvalet finn på denne bakgrunnen det ikkje aktuelt å gå inn i saka.»

Kontrollutvalet drøfta denne saka på nytt i møte 11.03.2020 i lys av at Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har gitt endeleg avslag på Ulstein Kommune sitt Arealplanvedtak av 28.03.2019 vedrørande utviding av gravplassen på Osneset.

Kontrollutvalet meiner samstemt at eventuelt manglande saksopplysningar i handsaminga av Arealplanen om tidlegare avslag frå Miljøverndepartementet i 2005 ikkje ville hatt nokon avgjerande verknad på utfallet av røystegjevinga i Arealplanvedtaket i Sak 19/29 av 28.03.2019 – då vedtaket var samrøystes. Fylkesmannen har heller ikkje funne nokon feil i

kommunen si sakshandsaming. Fylkesmannen peikar tvert om på at planprosessen har vore «omfattande og grundig».

Ein kan også leggje til at ei viktig drivkraft for kommunestyret i å prøve saka på nytt, var at ei ny politisk leiing i KMD kunne vere meir open for å gi kommunen medhald.

Kontrollutvalet finn difor ikkje grunnlag for å ta Sak 34/19 opp til ny vurdering.

Kontrollutvalet drøfta også handsaminga av **Sak 07/20 NY KOMMUNAL BARNEHAGE – VAL AV TOMT i Ulstein Kommunestyre**. Kommunestyret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

«1. Ulstein kommunestyre viser til at det framleis er sider ved saka som treng nærare avklaring. Kommunestyret utset difor saka inntil vidare.

2. Kommunestyret peikar i medhald av kommunelovas § 5-7 3. ledd ut eit mellombels arbeidsutval som får i oppgåve å gje innspel til administrasjonen kva som må utgreiast nærare før saka vert fremja på nytt. Arbeidsutvalet har ikkje vedtaksmynde eller tilrådingsrett.

3. Kommunestyret peikar ut følgande medlemmar til arbeidsutvalet: a) Ordføraren - leiar b) Lisa Mari Breivik Andersson (SP) - nestleiar c) Hans Petter Thoresen Ulstein (H) – medlem d) Magne Gurskevik (AP) – varamedlem. Kommunedirektøren peikar ut sekretær for arbeidsutvalet.

Kontrollutvalet tolkar dette slik at Kommunestyret ynskte saka meir utgreidd. Vedlegg som kommunestyret fann sær relevante for tomtevalet hadde ikkje vore lagt ved saka under handsaming i dei ulike utvala som hadde gitt uttalar.

Kontrollutvalet vil fylgje med i den vidare sakshandsaminga av tomteval for ny kommunal barnehage.

**Møtet slutt.**

Ivar Mork  
Leiar

Gerd Bang Brevik  
Medlem

**Utskift til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordførar og kommunedirektør til orientering.